Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 12 Gamal Engkultur

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Gamal Engkultur

Oppskr. av: Haakon Galta

(adresse): Sörbö

Fylke: Rogaland

Herad: Rennesöy

Bygdelag: Sörbö

Gard: Galta

G.nr. 3 Br.nr. 3

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. etter eigen röynsle

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

83 aar gamal Galta Kaarmand

SVAR

1 Me brukar ordet ~~til~~ "eng" til alt me slaar höy paa. Ei "Ekra" kallar me det som var igjenlagd aaker. Dei ulike namn paa höyet var langhöy og smaahöy. Slutonnslaat kallar me skrapeslaat

2 Paa eng og utslaater maatte der kvar vaar rydjast for lauv og krat. Det var um vaaren etter vaarannaa da graset byrja aa gro. Arbeidet kalla me "aa rydja eller roda". Kvistdungane brukte dei til brendsel og aska gik til gjödsel. Dei har gjort mykje bort stein i eng og utslaater.

3 Her var mykje mose i enga i gamle dagar. For aa faa den burt brukte dei aa saa sjölsand paa den og daa forsvant den og gjödsla dei daa nokko saa var der fuld eng straks, utan isaaing av grasfrö. Aakrar som skulde gjenlegjas blei isaade av grasfrö enten heimaavla eller kjöpefrö helst "Timotei" & seinare blanding av fleire fröslag.

4 Ein har gjort for aa faa bere myr og fastmark Avlagt som fyr var vassjuk Vatning av eng har aldri vert bruka her.

9352

5 Ein har aldrig brukt at gjødsle engen um vinteren. Her er for mykje regn. Gamalt blei ikkje noko gjødsl utkjørt fyr i april maaned. Det var alslags gjødsl dei bruka paa engja. Det var aakeren som helst skulde ha gjødslaa i gamle dagar so engja laut helst hjelpa seg med lite so noko visse les for kvart stykkje vart ikkje brukt.

6 Som sagt brukte ein ikkje vintergjødsling paa eng og hadde difor ikkje noko namn paa den. Hadde heller ikkje noko namn paa høget av gjødsla eng.

7 Det var vanligt at dei gamle husaa isar uthusa stod soleis at alt som seig derifraa kom engja tilgode. Ein var og grave gröfte det skulle renna i "Takrud" kalla dei det. Ein la ikkje vinna paa aa leggja aakrane soleis at gjødsla skulde siga fraa aakeren og ned fraa engja.

8

Ein gjødsla enga um vaaren. Ein nytter dei same reidskapenne baae paa aaker og eng. Det gikk for seg soleis Ein mann i kradaskufen og kaser i kjerroa ein annan mann kjörer og kruggen lasset i 12—14 mütter og so to kvinnar med kvar si greip som breier det utyver. Dette var i gamle dagar. Arbeidet kalla dei "Aa mögva" Arbeids redskapene var soleis "Stalgreipa" triangga smearbeid med eit solid treskaft. "Oskruggegrepa og triangga men ganske krumt og med eit langt skaft. "Bokkegreipen" var og triangga og ganske pelle paa skaftet alt var smearbeid. Dissi typpene held sig til 1880—85 da vi fekk moderne typer.

9352
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

9 Det var ingi[?] aa beita engja um hausten men det var for aa spara høyet. Gjødslinga rekna dei mindre paa
Det skadde ikkje engja um ho vart beita um hausten. Der var ikkje engstykkje som aldrig vart beita. Den eng som vart beita um vaaren ga ringare avling

10

Gardane her i vaar bygd og forresten i heile herradet blei skifte i 1870 og 1880 aarene. Daa fekk dei kvar sit og vart meir varsame med beitinga.

11

Det var ganske paa som jamna utover den gjødsla som dyra la etter seg paa beite og dei brukar daa ein almindelig spad. Noko anna reidskap kjenner me ikkje

12 Her var enkelte garder som havde sommerfjøs men dei siste vart nedreve for ca. 70 aar sidan Gjødslaa fraa disse laa dei paa aakler og eng. Utslaater har her aldrig vore. Gjødslaa blei spred ~~um~~ vaaren

13

Her er no lenge sidan dei hadde kjørene i fjøs um sommeren. Nokon innhegning har ~~aldig~~ aldrig vert bruka her. Kjørene gikk fritt paa beite baae nat og dag

14

Um grinder og kvier som her talast um er ganske ukjent paa vore kanter.

15

Me bur paa ei øy og har aldrig vore plaga av noko slags udyr. Korkje bjørn eller varg.

16 og 17 fel burt

9352

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

18 Her har aldrig vert sauehus utan golv som stod paa kjuk og som dei kunne flytta utover enga for aa gjødsla marka.

19 Disse namn fraa Ivar Aasens ordbok er ganske ukjende paa vore kantenter

20 Her har aldrig veret sætra her hjaa ~~og~~ oss; men etter som me høyrer fraa Ryfylke gaa det attende med stølsslaatten

21 Dei bruka mangje ting aa gjødsla enga med i gamle dager. Dei reiste mykle til Haugesund ~~og~~ daa vaarsildfisket var slut og kjøpte silde=avfald ~~av~~ fleire slags. Dette blanda dei i myrmuld og saa stod det og gjæra ei tid før dei strøde den utover enga. Dei kjørte og mykje tare som dei tog i si eiga strand. Her driv mykje tare iland vinterdag som dei kjørte opp og breide utover enga. Den oska som fall av brukt paa enga. Den blanda gjerne samen med doggjødsel og tør myrmuld.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

9352